

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 04.12.2006
Sakhandsamar: Ivar Eriksen
Saka gjeld: **Mal for styret si eigenevaluering og vurdering av administrerande direktør**

Arkivsak

2006/616/

Styresak 126/06 B

Styremøte 14.12. 2006

Bakgrunn:

God verksemdstyring inneberer mellom anna at styret treng ein god eigenevaluering. Gjennom eigenevalueringa vil ein kunne få betre kunnskap om dei forhold som påverkar styret sitt arbeid, og ein vil kunne få økt grad av konsensus kring styret si rolle og arbeid og korleis det fungerer i dag. I tillegg vil eigenevalueringa synleggjere område som det er viktig å forbetre.

Etter helseføretakslova § 29 skal styret føre tilsyn med administrerande direktør. Ein del av denne oppgåva vil vere å evaluere det arbeidet administrerande direktør gjer og hans utøving av rolla som dagleg leiari for det regionale helseføretaket.

Revidert styreinstruks for styret i Helse Vest RHF blei vedteken i styremøte 6. september 2006, sak 073/06 B. Styreinstruksen omhandlar både styret si eigenevaluering og evalueringa av administrerande direktør, jf. styreinstruksen pkt. 4.2 anna og tredje avsnitt.

Kommentarar:

Mal for styret si eigenevaluering og vurdering av administrerande direktør blei lagt fram og drøfta på styreseminar 12. oktober 2006. Med bakgrunn i det som kom fram på seminaret blei omarbeidde utkast til malar delt ut i styremøtet 8. november 2006. Styremedlemmene blei gitt frist til 15. november 2006 for endelege tilbakemeldingar til malane. Det er ikkje motteke nokon slik tilbakemelding.

Forslag til vedtak:

Styret vedtek dei vedlagte dokument som nye malar for gjennomføring av styret si eigenevaluering og evaluering av administrerande direktør.

Vedlegg:

1. Styret sin eigenevaluering, utkast 02.11.06
2. Krav og forventningar til administrerande direktør i Helse Vest RHF – moment i leiarsamtale, utkast 02.11.06